

Byggjeløyve til hagestove kjent ugyldig

■ Fylkesmannen oppheva vedtak ■ Adventar å følgja opp

SOGNDAL: Fylkesmannen slår fast at Sogndal kommune ikkje skulle gjeve byggjeløyve til ei hagestove på eit hus der ein part i sameiget protesterte.

Saka gjeld eit tilbygg på ein eigedom på Kjønnes som tilhøyrer eit sameige på to personar som har ein ideell part kvar.

Fylkesmannen meiner at hovudspørsmålet i saka er kva verknad det skal ha for kommunen si handsaming at medheimshavaren protesterer på søknaden om tilbygg.

Sogndal kommune meinte at dette var privatrettslege tilhøve som ikkje vedkom handsaminga, og at slike tilhøve ikkje skal vektleggjast i byggesaker.

Skulle ha blitt avvist

Fylkesmannen skriv i si vurdering at kommunen ikkje har ei generell plikt til å undersøka uklare privatrettslege tilhøve. Men i denne saka peikar Fylkesmannen på at medeigaren har sendt inn klage på tiltaket. Dessutan kunne kommunen enkelt avklara dei formelle eigartilhøva i grunnboka. Utvilsamt har partane ein ideell halvpart kvar.

– Etter dette har tiltakshavaren ikkje tilstrekkeleg privatrettsleg grunnlag for å gjennomføra tiltaket, slik at vinterhagen ikkje kan forøst opp utan at det ligg føre samtykke frå medheimshavaren, skriv Fylkesmannen.

Fylkesmannen ser det slik



VEDTAK OMGJORT: Rådmann Jostein Aanestad registrerer at Fylkesmannen har kome til ein annan konklusjon enn Sogndal kommune. Privatrettslege tilhøve skulle vore vektlagt i ei sak om byggjeløyve.

at løyvet kjem i strid med privatrettslege tilhøve, og at kommunen skulle ha avvist søknaden.

– Me viser til at det er uheldig at det vert gjeve løyve til tiltak i tilfelle der det er klart eller sannsynleg at det vil strida mot private rettar, offentlege styresmakter bør ikkje bidra til gjennomføring av rettsstridige tiltak, skriv Fylkesmannen.

– Her burde ein klarlagt dei privatrettslege tilhøva når ein tok stilling til saka. Det får me berre registrera er Fylkes-

mannen sine vurderingar. Eg trur nok saka er prega av finjuss og skjønsmessige vurderingar, seier rådmann Jostein Aanestad.

Adventar oppfølging

Han oppfattar det slik at dei kommunale vurderingane er forsvarlege, men at Fylkesmannen etter ei skjønsmessig vurdering har kome til den motsette konklusjonen.

Han peikar på at grunnen til at vedtaket er kjent ugyldig er at dei privatrettslege tilhøva enno ikkje er avklara. No

pågår det ei jordskifteprosess for å få avklart dette.

– Det er naturleg at ein får desse avklaringane før kommunen gjer ytterlegare oppfølging i saka, seier Aanestad, som ikkje fryktar at kommunen kan koma i ein erstatnings-situasjon dersom hagestova må rivast.

– Det gjeld berre ved grov

aktløyse av kommunen der det er heilt opplagt at utfallet av saka skulle vore noko anna, seier rådmannen.

Vedtaket til Fylkesmannen er endeleg og kan ikkje påklagast.

Keth Øren
keth.oren@sognovis.no

Laga fyrverkerireglar

LEIKANGER: Følgje If Skadeforsikring kan det lovlege fyrverkeriet gje like alvorlege skader som dei ulovlege pinne-